



## Innkalling

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 12.06.2019  
**Møtested:** Møterommet Børilden på kommunehuset  
**Møtetid:** 18:00 - 20:00

Det vert orientering om ledsagerordninga (Monika Kvamme)  
Det vert orientering om Recovery-prosjektet (Unn Iren Martinsen Tangedal)

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

| Saksnr | Tittel                                   |
|--------|--|
| 006/19 | Godkjenning av innkalling og saksliste   |
| 007/19 | Godkjenning av møteprotokoll             |
| 008/19 | Orienteringssak                          |
| 001/19 | Orientering til RMNF om følgeordninga    |
| 009/19 | Tilkomst til Idrettsparken og Årås skule |

Tysdag 11. juni 2019

Atle Utkilen  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakspapir

| Saksnr | Utvalg                                     | Type | Dato       |
|--------|--|------|------------|
| 006/19 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 12.06.2019 |

| Saksbehandler | Arkiv  | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Ketil Tjore   | FE-033 | 19/443     |

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

| Saksnr | Utvalg                                     | Type | Dato       |
|--------|--|------|------------|
| 007/19 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 12.06.2019 |

| Saksbehandler | Arkiv  | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Ketil Tjore   | FE-033 | 19/443     |

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg:

Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 25.04.2019

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Saksopplysninger:



## Møteprotokoll

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 25.04.2019  
**Møtestad:**  
**Møtetid:** 18:00 - 21:00

Orienteringar:

Mona Hatlem orienterer om "Prosjekt Habilitering og Rehabilitering", ca 18.00 til 18.30.

Hege Bergsvik Sætre orienterer om omsorgsteknologi, ca 1830 til 1845.

Rolf Henning Myrmel svarer på spørsmål kring brøyting, ca 1900.

| Frammøtte medlemmer | Rolle      |
|---------------------|------------|
| Atle D. Utkilen     | Utvalseiar |
| Monika Thorpe       | Nestleiar  |
| Viggo Leirvåg       | Medlem     |
| Elsa Skare          | Medlem     |

| Forfall meldt frå medlem: | Rolle  |
|---------------------------|--------|
| Solbjørg Sætre            | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer: | Rolle      |
|--------------------------|------------|
| Tone Rugset              | Varamedlem |

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Konstituert rådmann Olav Mongstad, Mona Hatlem orienterte om prosjektet «Habilitering og rehabilitering», Hege Bergsvik Sætre orienterte om omsorgsteknologi, Rolf Henning Myrmel svarta på spørsmål om brøyting, og Ketil Tjore møtte som møtesekretær.

---

4. juni 2019

Atle Utkilen  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

| <b>Saknr</b> | <b>Tittel</b>                          |
|--------------|--|
| 001/19       | Godkjenning av innkalling og sakliste  |
| 002/19       | Godkjenning av møteprotokoll           |
| 003/19       | Meldingar                              |
| 003/19.1     | Spørsmål frå NFU Hordaland fylkesstyre |
| 004/19       | Delegerte saker                        |
| 005/19       | Orienteringssak                        |

## **001/19: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **25.04.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Leiar av rådet, Atle Utkilen, ønskte velkommen til møte.

Han kommenterte at det gjerne skulle vore fleire møte, men at det før no ikkje har vore så mange aktuelle saker å jobba med.

Handsaming:

Samrøystes vedteke

### **RMNF - 001/19 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **002/19: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **25.04.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Til dette møtet låg det ikkje føre noko møteprotokoll frå sist møte.

### **RMNF - 002/19 VEDTAK:**

Til dette møtet låg det ikkje føre noko møteprotokoll frå sist møte.

---

## **003/19: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **25.04.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Denne saka vert utsett til neste møtet i rådet.

Handsaming:

Sams vedtak om å utsetja denne saka til neste møte.

### **RMNF - 003/19 VEDTAK:**

Denne saka vert utsett til neste møtet i rådet.

---

## **003/19.1: Spørsmål frå NFU Hordaland fylkesstyre**

**Framlegg:**

**Handsaming:**

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at ein ikkje har fått førebudd denne saka om følgjekort, sidan det kom på litt kort varsel.

På vegner av Servicekontoret sa Ketil Tjore at brevet av 20. oktober 2018 ikkje er postført, men at det er usikkert om det betyr at det er komme og sletta, eller ikkje er komme i det heile.

Atle Utkilen ba om at Elsa Skare sjekkar med fylkeslaget kor vidt brevet er sendt til Austrheim i det heile, og sa vidare at ein bør ha eit møte i mai/juni for å gå nærare inn i dette. Saka vart dermed utsett til neste møtet i rådet.

Handsaming:

Sams vedtak om å utsetja denne saka til neste møte.

**Vedtak:**

Denne saka vert utsett til neste møtet i rådet.

---

## **004/19: Delegerete saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerete saker vert tekne til orientering

## 25.04.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### RMNF - 004/19 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering

---

### 005/19: Orienteringssak

#### Rådmannen sitt framlegg:

## 25.04.2019 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

### Orienteringar:

#### Sak 1: «Habilitering og rehabilitering»

Mona Hatlem orienterte om prosjektet «Habilitering og rehabilitering», som går fram til desember 2019. Ho har 20 prosent stilling i dette arbeidet, som kommunen har fått ekstern støtte til. Konstituert rådmann Olav Mongstad er prosjekteigar, assisterande rådmann Monika Kvamme er prosjektleiar. Sjå også prosjektbeskrivelsen, som låg ved innkallinga.

Hatlem sa at prosjektet er ganske omfattande, og det er teke med som ein risiko at ein kanskje ikkje rekk over alt. Ein er no i kartleggingsperioden. Det er eit særleg fokus på prosessen frå kommunen får eit spørsmål og fram til eit tiltak er på plass, det er denne prosessen som ein har konstatert er for «rotete» per no. Kommunen jobbar med å implementera planen etter kvart som den vert laga, og elles vert planen kunngjort når den er klar, slik at alle har høve til å sjå korleis det skal jobbast.

- Så langt er erfaringa er at det lettare å jobba med rehabilitering enn habilitering, der sistnemnde felt er meir omfattande og langvarig. Kommunen har eit mål om meir likt tilbod til alle, sa Hatlem.

Tone Rugset (vararepresentant NFU) spurte om brukarorganisasjonar skulle takast med på råd, og fekk til svar at det vil skje. Hatlem fekk innspel på aktuelle namn.

#### Sak 2: Delsak Recovery

Utvalsleiar Atle Utkilen viste til orienteringa som låg ved innkallinga, frå prosjektleiar Recovery Unn Iren Martinsen Tangedal, og har notert seg at det å få tak i brukarane er ei utfordring her.

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at dette prosjektet er heilt i startfasen, og at dette med å få fatt i aktuelle brukarar er ein viktig del no i starten. Kommunen skal gå opp eit skilje mellom Recovery som eit lågterskeltilbod, og Nav sitt tilbod om «Aktiv kvardag» som neste steg.

Mongstad sa vidare at kommunen har fått 660.000 kroner frå Fylkesmannen til ei stilling som skal jobba med barn og unge som bur i heimar der det er innslag av problem knytt til rus/psykiatri. Borna det er aktuelt å jobba med, vert gjerne innmeldt frå barnevern, barnehagar og skular på ulike alderstrinn.

**Sak 3:** Sjå referatsak 003 under meldingar.

**Sak 4:** Klage på brøyting for eldre og funksjonshemma i vinter.

Utvalsmedlem Monika Thorpe sa at det var komme klager frå både sjukeheimen, Furuly og andre, det



gjekk på både brøyting og kvar snøen var lagt.

Leiar for teknisk drift Rolf Henning Myrmel svara om dette at kommunen fekk eit spørsmål om brøyting ved Furuly, og at denne episoden vart det ordna opp i. Brøytinga ved Furuly er ei ekstraserice som kommunen utfører.

Myrmel la til at det nok kan vera ein del som har andre krav til brøyting enn det som er kommunen sine retningslinjer. På Furuly og ved Nordliheimen brøyter kommunen med eige materiell for å betra standarden.

Ved private bustader brøyter ein kun der heimesjukepleia har konkrete ønskje med tanke på å komma seg fram. Kommunen brøyter ikkje ekstra mot betaling.

Kommunen har stramma inn på brøyting til personell på beredskap der dette var friare før, og har også sett avgrensingar på at dei som brøyter ikkje kan ta på seg så mykje privat at det kan hemma arbeidet dei gjer for kommunen. For å sikra kapasitet er kommunen delt i fem roder, slik at meir vert brøyta på ein gang.

Kommunen sine retningslinjer seier at det skal brøytast på sju centimeter snøfall, men om ein ser at det vil komma over denne grensa kan ein starta før. Strøing og salting er femdobla på dei siste ti åra, og ein vurderer om ein skal brøyta på tre centimeter for å sjå om ein dermed kan sleppa ein del strøing og salting.

Må også ta økonomiske omsyn, og har ikkje frie ressursar til brøyting, strøing og salting. Dette kostar ganske mykje i året, og alle kan ikkje bli nøgde. Den siste vinteren kom det ikkje snø før jul, og så ein del over kort tid, og kommunen har ikkje dimensjonert kapasiteten etter dei største snøfalla.

Utvalsleiar Atle Utkilen ba om at det må opplysast om kva som er reglar og retningslinjer, slik at alle veit kva dei har å halda seg til, både Furuly og elles. Utvalsmedlem Viggo Leirvåg ba om at brøytereclar vart gjort tilgjengeleg på nettsida til kommunen.

#### **Sak 5:** Klage på manglande tilrettelegging av HC-parkering ved Årås skule

Det var delt ut eit skriv om dette.

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa om parkeringa at dersom denne er for smal, så skal kommunen ordna dette raskt. Leiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel sa at dette skal ein ta med vedkommande brukar, og få det tilrettelagt slik at det vert bra.

Utvalsmedlem Monika Thorpe vidareformidla frå den aktuelle brukaren at det er for trengt på parkeringa i dag. Thorpe sa vidare at det er vanskeleg å bruka uteområdet på skulen med rullestol, på grunn av grus eller ujamnt underlag.

Utvalsmedlem Elsa Skare sa at dette måtte vera innanfor det kommunen er pålagt, med tanke på universell utforming.

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at det er planlagt ei betre uteområde ved skulen, men av økonomiske grunnar har ein ikkje fått gjennomført alt. Har starta med noko rundt klubbhuset, men så rakk ikkje midlane lengre.

Utvalsmedlem Monika Thorpe refererte frå SU-møte på skulen at det er mogleg å søka ekstern støtte til tilrettelegging, men då krevst det ein kommunal eigendel. Etterlyser at det vert gjort noko, så lenge kommunen lenge har visst at denne eleven ville «dukka opp».

Olav Mongstad sa at administrasjonen skal dykka ned i den planen som ligg for uteområdet på Årås, for å sjå om det er mogleg å gjennomføra noko av dette. Myrmel sa at det kan vera mogleg å få til ei løysing der vedkommande kan komma nærare leikeapparata, men ein må ta omsyn til reglar for avstand mellom disser og hardt underlag.

Monika Thorpe ba om at føresette til denne eleven vert teken med på råd og involverte i det som skal gjerast.

Atle Utkilen oppfordra Myrmel til å ta kontakt med forelder og etablera dialog, og sjå om det er mogleg å komma fram til ei enkel løysing som gjer at vedkommande elev kan komma tettare på dei andre borna som er i leiken. Utkilen er gjerne også med på ei synfaring på skulen. Myrmel koordinerer dette når han har hatt kontakt med forelder til rullestolbrukaren.

#### **Sak 6:** Status for helse og omsorg i Austrheim kommune

Leiar for heimesjukepleia, Hege Bergsvik Sætre, orienterte om det pågåande arbeidet med omsorgsteknologi.

Sætre sa at Austrheim sidan 2017 har vore med i Nordhordlandsprosjektet, der i alt 10 kommunar i

Nordhordland og Gulen jobbar med innføring av omsorgsteknologi. No i desse dagar vert dette samarbeidet utvida med seks kommunar, til Vestlandsprosjektet. Målet er at omsorgsteknologi innan 2020 skal bli eit tilbod til alle brukarar som treng det, anten det er heime eller på sjukeheimen. Prosjektet har hatt ein anbudsrunde det siste året, der Atea vann fram med å levera kommunane denne teknologien. Austrheim startar utrullinga av omsorgsteknologi no i 2019. Ein skal skifta ut tryggleiksalarmar i månadsskiftet mai/juni, og gå frå analoge til digitale, dette må uansett gjerast sidan det analoge telefonettet er i ferd med å leggst ned. Det er mange nye moglegheiter som kjem med ny teknologi, mellom anna dørsensor som seier frå om nokon går ut, fallsensor, og sensor i seng som varslar om ein person skulle stå opp og ikkje komma tilbake i senga på natta (kan bety fall). Også moglegheit med medisinsensor som viser om medisin er tatt, og for kommunen sine tilsette ein e-lås på ytterdøra slik at dei kan låsa seg inn utan å bruka nøkkel.

Om brukarbetaling sa Sætre at dette med eigendelar ikkje er avgjort. Det er eigendel på tryggleiksalarm i dag, og eigendelen held fram med nye alarmer. Dersom det er tale om naudsynt helsehjelp, som kan erstatta heimehjelp, er det tanken at dette skal vera gratis.

På spørsmål svara Sætre at det nok er ein del som ønskjer at heimehjelp er innom på «tilsyn» utan at det er helsehjelp, men at kommunen ikkje har kapasitet til det i dag. Omsorgsteknologi skal uansett ikkje erstatta menneskeleg kontakt der dette er påkravd, men komma som ein ekstra tryggleik.

Innføring av teknologi skjer gjerne i dei yngre gruppene først, medan det for dei «eldste» av dei «eldre» gjerne vil vera vanskelegare. Det vil også vera ein opplæringsperiode for dei som får montert ulike typar omsorgsteknologi i heimen. Om det er personar som ikkje samtykker i bruken av omsorgsteknologi og installering i heimane, må det eventuelt fattast eit vedtak før dette kan utførast. Lindås kommune var tidleg ute, men brukte frå starten omsorgsteknologi berre i heimesjukepleia, og tok med andre brukargrupper først seinare.

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at kommunen vil investera i dette materiellet med midlar henta frå investeringsbudsjettet. Det kjem ei sak til kommunestyret i juni med tanke på nye eigendelar for omsorgsteknologi. Tanken er å ha ein fast sats for dei som har omsorgsteknologi, som ikkje varierer etter antal «duppedittar».

---

I tillegg hadde Olav Mongstad ein presentasjon om den økonomiske situasjonen, som viser kvifor kommunen fekk underskot i fleire år og har måtta kutta i drifta. Presentasjonen ligg ved.

Atle Utkilen spurte om det innan ulike felt er høgare behov i Austrheim enn andre stader, og viste til at kutt i spesialundervisning og anna kan innebera at kommunen berre får ei høgare utgift i neste runde, i tillegg til at ein skaper «taparar».

#### **RMNF - 005/19 VEDTAK:**

Orienteringane vert teke til vitande.

-----

Utvalsleiar Atle Utkilen sa at det er naturleg med eit nytt møte i månadsskiftet mai/juni, for å jobba vidare med saka om følgjeordninga, og følgja opp kva som skjer med tilrettelegging av leikeplass på Årås skule med tanke på rullestolbrukarar.

Planlagt dato for neste møte: Tysdag 21. mai klokka 18.00 på kommunehuset.

## Sakspapir

| Saksnr | Utvalg                                     | Type | Dato       |
|--------|--|------|------------|
| 008/19 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 12.06.2019 |

| Saksbehandler | Arkiv  | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Ketil Tjore   | FE-033 | 19/443     |

### Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

## Sakspapir

| Saksnr | Utvalg                                     | Type | Dato       |
|--------|--|------|------------|
| 001/19 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | OS   | 12.06.2019 |

| Saksbehandler | Arkiv  | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Monika Kvamme | FA-H47 | 19/469     |

### Orientering til RMNF om følgeordninga

#### Framlegg til vedtak:

Rådet tar orienteringa til vitande.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

##### Vurdering

På spørsmål frå NFU om Austrheim kommune har ei ledsagerordning til menneske med utviklingshemming, vil vi her skissera vår praksis med å følgja brukarar til ulike aktivitetar og fritidssysler.

Austrheim kommune, ved pleie og omsorgstenesta, organiserer og gjev tenester til brukarar med ulike bistandsbehov.

Vi gjev brukarar bistand til å delta i fritidsaktivitetar, både i grupper og individuelt.

Mange brukarar har assistanse gjennom døgnet, og går på faste aktivitetar som dei likar å vera med på saman med personalet. Andre brukarar som treng mindre hjelp, har gjerne støttekontakt/ eller fritidskontakt som er med dei på fritidsaktivitetar eller andre sosiale settingar. Mange vel å dra til Bergen for å gå på kino eller eta pizza. Vi ser at brukarane vel mange forskjellige aktivitetar.

Målet er at brukarane skal vera med på dei aktivitetane dei ønskjer og som lar seg gjera. Her ute i Austrheim finn ein på mange felles aktivitetar med ungdomsklubben og andre organisasjonar. Pleie og omsorg organiserer også aktivitetar for brukarane sine.

Transport til ulike aktiviserer har alltid vore ei utfordring. Få brukarar har eigen bil og busstilbodet er heller ikkje optimalt. Difor vert det ofte til at ein vel aktivitetar som er lokale. Både idrettsarrangement og kulturtilbod.

Vi har som mål at våre brukarar har ei meningsfull fritid og samvær med andre.

Brukarane har individuelle vedtak på tenester og der går det fram kva dei har tenester til.

Dei fleste brukarane har veke-planar som dei skriv for kvar veke, kor brukarane i lag med ledsager skriv inn aktivitetar og fritidssysler dei vil gjera/ vera med på i komande veke.

Dei som har støttekontakt/fritidskontakt har vedtak på timar pr veke og eit gitt antal kilometer kvar mnd.

Vi arbeider utfrå at brukarane skal få dekkja sine grunnleggande behov og få utvikla generelle ferdigheiter som menneske treng å utvikla. Dette gjer vi med å få fram brukarane sine ønsker og behov, når brukar og støttekontakten møtes for å planlegga kva dei skal gjera i lag på støtte-/fritidskontakt timane. Alle støttekontaktar har ein rettleiar.

Austrheim kommune er opptatt av at brukar får utvikla sine moglegheiter til å delta i samfunnslivet, få gode opplevingar og ha ei meningsfull fritid.

Vi har ingen ledsagerordning for brukarar som ikkje har tenester frå kommunen. Vi har heller aldri fått forespørsel frå innbyggjarar om dette.

Austrheim kommune meiner vi ivaretar og sikrar det enkelte menneske moglegheit til å leve og bu sjølvstendig og at vi sikrar at brukarane har aktiv og meningsfull tilvære i fellesskap med andre.

## **Konklusjon**

Rådet tar orienteringa til vitande.

## Sakspapir

| Saksnr | Utvalg                                     | Type | Dato       |
|--------|--|------|------------|
| 009/19 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 12.06.2019 |

| Saksbehandler | Arkiv  | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Olav Mongstad | FA-Q80 | 19/170     |

### Tilkomst til Idrettsparken og Årås skule

#### Vedlegg:

Trafikksikring Årås skule

AIL - brev om tilkomst idrettsparken - april 2019

Svar på brev om tilkomst med bil til Austrheim idrettspark

#### Framlegg til vedtak:

Fylgjande framlegg frå leiar vert lagt fram til drøfting.



Vår ref

Deres ref

Dato

tilkomst\_austrheim\_idrettspark\_merknad\_rmf.docx

27.05.2019

## NOTAT

Sak: **Tilkomst med bil til Austrheim Idrettspark**

Austrheim Idrettslag har sendt brev til kommunen. Dei ynskjer at tilkomstvegen til idrettsparken skal vera open for tilkomst etter kl 1630. Vi ynskjer å knyta nokre kommentarar til saka.

Trafikktilhøva ved Årås skule er ikkje tilfredstillande slik det har vore til no. Ekstra krevande har dette vore for rørslehemma. Vi er derfor glad for at kommunen tar problemet på alvor. Dette handlar tross alt om trafikktryggleik. Vi har ikkje nokon å mista. Vi vonar at trafikktryggleik også er fokuset når ein ser på tilkomsten til idrettsparken.

Det er lett å ha fokus på eigne særinteresser og å bagatalisera konsekvensar når ein ynskjer å oppnå noko. Idrettslaget har fokus på at det skal vera tilkomst heilt fram til idrettsparken. Vi har ingen problem med å forstå det ynskje. Vi vonar likevel at idrettslaget og dei dei representerar også vågar å sjå seg sjølv i speilet.

Vårt ynskje er at ein har med seg nokre refleksjonar, og vektlegg desse dei når ein tenkjer løysningar:

- Null toleranse på personskader – det vonar vi at alle kan vera samd om.
  - Kommunen er opptatt av trygg skuleveg – tilkomst til idrettsparken bør ha same fokus.
  - Kva gjer idrettslaget opp mot foreldre og andre vaksne med haldningar? Må ein alltid kjøre heilt fram til døra?
  - Opnar ein vegane slik dei er utforma i dag, uansett fartsdumpar, medfører dette risiko.
- Tilkomst først og fremst for dei som reelt treng det og naudsynt transport.
  - Noko kan faktisk ikkje gå fram til anlegget, husk det.
  - Skal dei som ved Årås skule, slita med å finna seg ein plass?
- Kor stort/reelt er behovet for å måtte kjøre heilt fram, for kven og kvifor?
  - Det er snakk om 100 – 200 meter, slik det er planlagt.
    - Er det borna som ikkje kan gå
    - Er det oss vaksne/foreldra som ikkje orkar?
    - Tar vi skade av å gå? Er det berre fordi vi skal ha det litt makeleg?

Det er utarbeid godkjent detaljregulering/planendring for området og med vedtekter. Godkjent plan opnar ikkje for fri kjøring inn til Idrettsparken. Det er berre opna for naudsynt kjøring søraust for idrettshallen. Vi vonar at alle respekterer denne.

Vi stiller gjerne opp for å bidra til konstruktive løysingar. Vert det synfaring eller opning for avvik frå gjeldande plan, ynskjer vi å ta del, minimum verta høyringsinstans.

Atle Utkilen

## Saksopplysninger:

### Bakgrunn

Formannskapet godkjente 11.06.2015 «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» Desse planendringane omfatta i hovudsak det interne veganlegget og parkeringsplassen, dette for at uteområdet til born og unge skulle verta meir trafiksikkert og funksjonelt for alle. Intensjonen med planarbeidet var mellom anna å optimalisere tilkomst, parkering og varelevering med omsyn til

trafikktryggleik. Planområdet grensa og til eldrebustadane på Furuly. På grunn av dette planarbeidet vart det i 2015 bygd ein ny tilkomstveg frå vest til Furuly for å unngå køyring i skuleområdet, og der borna går til og frå skulen. Den gamle tilkomstvegen til Furuly vart stengt. Kommunen tok kostnaden med dette tiltaket, men fekk også eit tilskot frå Hordaland fylkeskommune som såg at det var viktig å unngå køyring i skuleområdet på Årås både i og etter skuletid. No er den tidlegare vegen til Furuly, som gjekk gjennom skuleområdet, stengt for biltrafikk.

Etter den tid har det oppstått spørsmål frå Austrheim Idrettslag om tilkomst til klubbhuset.

I saksutgreiinga til godkjenninga av den omtalte reguleringsplanendringa står det at:

*Rådmannen vil peika på at noverande tilkomstveg ved Austrheimshallen skal stengast for køyring til idrettsbana og klubbhuset. Det skal berre etablerast naudsynte parkeringsplassar for handicappa og nyttetransport bak tribunen/klubbhuset. Trafikktryggleiken til born og unge i skuleområdet og i idrettsparken skal her prioriterast før bilistar og bilar inn i idrettsparken. Dette av omsyn til folkehelse, tryggleik og trivselen for alle.*

*Det at ungdomens hus vert bygd opp i tilknytting til Austrheimshallen gjer og sitt til at rådmannen ikkje ynskjer køyring forbi Austrheimshallen. Køyring her kan fort føra til farlege trafikk situasjonar både på kveldstid og dagtid både for born og unge. Tilsette, publikum og brukarar av skule og idrettsområdet både på dag- og kveldstid må parkera i byrjinga av idrettsparken på området avsett til parkering, dette vert nord for Austrheimshallen og i byrjinga av planområdet. Dette ligg inne i plankartet og i føresegnene. ROS-analysen ser dette som eit heilt naudsynt tiltak for å oppnå ein så trygg stad som mogeleg for born og unge.*

Hordaland Fylkeskommunen skriv i sin uttale til planframlegget følgjande: *Endringa vil føre til betra forhold for dei areala som vert nytta av barn og unge. Det er positivt at ein har omsyn til trafikktryggleiken i planområdet og at ein legg til rette for universell utforming.*» Dei skreiv og at: *«Slik planen ligg føre vil endringane føre til betra samspel mellom bygningar og uterom.»*  
Den 21.03.2019 vedtok formannskapet følgjande i sak 031/19 **Trafikksikring Årås skule:**

*Rundkjøring ved skulen vert skilta med SKILT 302 LS KL2 / INNKJØRING FORBUDT med underskilt Gjeld ikkje buss, taxi, rørslehemma, tilsette og varelevering.*

Dette skiltet er no sett opp.

## **Vurdering**

### **Økonomi**

I 2013 vart det utarbeidd eit kostnadsoverslag for ferdiggjering av heile anlegget. Samla kostnad var ca. 19,5 mill kr. Ein del av dette er gjennomført, utan at rådmannen i skrivande stund har rekna ut kor mykje. Med det investeringsnivået som ligg i Robek-kommunen Austrheim, er det ikkje mogleg med store investeringar dei næraste åra.

Det som er gjort:

- Stenge vegen ved Ungdommens Hus med bom



- Stenge vegen gjennom skuleområdet Årås skule med betongklossar, i føresegnene står bom.
- Lagt om og stengt vegen til Furuly
- Sett opp forbodsskilt ved inngangen til vegen gjennom skuleområdet
- Legge parkering og av/påstigning for foreldrekyring til plassen ved idrettshallen
- Legge busskyring og av/påstigning i rundkyringa
- Lage til og skilte handikapparkering
- Utvide lærarparkering for å sikre mjuke trafikantar

Rådmannen ser det derfor som viktig at ein no utarbeider plan for dei enkle grepa som kan gjerast utan dei store kostnadene. Her står trafikktryggleiken høgt. No er vegen stengt med betongklossar. I planen står det bom. Det må lagast til oppmerka parkeringsplassar på plassen framføre idrettshallen mellom anna. Rådmannen vil ta initiativ til å laga ein framdriftsplan for arbeidet i dialog med partane i saka.

Trafikktryggleik må stå høgt. I debatten har synspunkta vore klare frå enkelte partar at dei skal kunne ha tilkomst. Frå kommunen si side er det understreka at det skal vere begrensing på tilkomsten med bilar. Mykje av diskusjonen dreier seg nok om korleis ein vil definere behovet for tilkomst med bil.

Leiar i RMNF har kome med framlegg om eit skriv frå rådet. Han skriv fylgjande:



Vår ref

Deres ref

Dato

tilkomst\_austrheim\_idrettspark\_merknad\_rmf.docx

27.05.2019

## NOTAT

Sak: **Tilkomst med bil til Austrheim Idrettspark**

Austrheim Idrettslag har sendt brev til kommunen. Dei ynskjer at tilkomstvegen til idrettsparken skal vera open for tilkomst etter kl 1630. Vi ynskjer å knyta nokre kommentarar til saka.

Trafikktilhøva ved Årås skule er ikkje tilfredstillande slik det har vore til no. Ekstra krevande har dette vore for rørslehemma. Vi er derfor glad for at kommunen tar problemet på alvor. Dette handlar tross alt om trafikktryggleik. Vi har ikkje nokon å mista. Vi vonar at trafikktryggleik også er fokuset når ein ser på tilkomsten til idrettsparken.

Det er lett å ha fokus på eigne særinteresser og å bagatalisera konsekvensar når ein ynskjer å oppnå noko. Idrettslaget har fokus på at det skal vera tilkomst heilt fram til idrettsparken. Vi har ingen problem med å forstå det ynskje. Vi vonar likevel at idrettslaget og dei dei representerar også vågar å sjå seg sjølv i speilet.

Vårt ynskje er at ein har med seg nokre refleksjonar, og vektlegg desse dei når ein tenkjer løysningar:

- Null toleranse på personskader – det vonar vi at alle kan vera samd om.
  - Kommunen er opptatt av trygg skuleveg – tilkomst til idrettsparken bør ha same fokus.
  - Kva gjer idrettslaget opp mot foreldre og andre vaksne med haldningar? Må ein alltid kjøre heilt fram til døra?
  - Opnar ein vegane slik dei er utforma i dag, uansett fartsdumpar, medfører dette risiko.
- Tilkomst først og fremst for dei som reelt treng det og naudsynt transport.
  - Noko kan faktisk ikkje gå fram til anlegget, husk det.
  - Skal dei som ved Årås skule, slita med å finna seg ein plass?
- Kor stort/reelt er behovet for å måtte kjøre heilt fram, for kven og kvifor?
  - Det er snakk om 100 – 200 meter, slik det er planlagt.
    - Er det borna som ikkje kan gå
    - Er det oss vaksne/foreldra som ikkje orkar?
    - Tar vi skade av å gå? Er det berre fordi vi skal ha det litt makeleg?

Det er utarbeid godkjent detaljregulering/planendring for området og med vedtekter. Godkjent plan opnar ikkje for fri kjøring inn til Idrettsparken. Det er berre opna for naudsynt kjøring søraust for idrettshallen. Vi vonar at alle respekterer denne.

Vi stiller gjerne opp for å bidra til konstruktive løysingar. Vert det synfaring eller opning for avvik frå gjeldande plan, ynskjer vi å ta del, minimum verta høyringsinstans.

Atle Utkilen

Rådet må ta stilling til om dei skal sende brevet eller gi ein annan uttale.

Saka vert lagt fram til drøfting.

### Konklusjon

Saka vert lagt fram til drøfting.

## Sakspapir

| Saksnr | Utvalg        | Type | Dato       |
|--------|---------------|------|------------|
| 031/19 | Formannskapet | PS   | 21.03.2019 |

| Saksbehandler       | Arkiv  | ArkivsakID |
|---------------------|--------|------------|
| Rolf-Henning Myrmel | FA-Q80 | 19/170     |

### Trafikksikring Årås skule

#### Vedlegg:

Trafikkskilt Årås skule

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim formannskap vedtek fylgjande skiltplan for Årås skule:

Rundkjøring ved skulen vert skilta med *SKILT 302 LS KL2 / INNKJØRING FORBUDT* med underskilt *Gjeld ikkje buss, taxi, rørslehemma, tilsette og varelevering.*

#### Formannskapet - 031/19 - 21.03.2019

#### FS - behandling:

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det har vore ein dialog med idrettslaget om tilgang til fotballbana etter at det no er innskrenka tilgang til å kjøra inn mot Årås skule/idrettsanlegget. Ein legg opp til vidare dialog med idretten, med eit fellesmøte med ordførar/administrasjonen/idrettslaget.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det kunne hjelpa med eit oversiktsskilt som viser kvar ein bør parkera ved skulen/idrettsanlegget.

Rikke Heldal Hope (H) sa at det hadde vore kaotisk ved idrettshallen i haust, med parkering slik at bussane ikkje kom fram. Etterlyste ei løysing for dei minste, medan dei eldste borna og vaksne bør kunna gå frå idrettshallen-parkeringa. Ikkje bra for dei minste å vera fotgjengar nede ved hallen, i alle fall seksåringane burde få bli satt av i rundkjøringa.

Rolf Henning Myrmel frå administrasjonen sa at ein ønskjer å bruka av årets asfaltmidlar til å asfaltera resten av plassen ved idrettshallen, dette vil gjera det mogleg å merka opp for parkering.

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at dette som ligg i bordet no er eit strakstiltak, og så kan ein gjera meir seinare når ein kjem i gang med det arbeidet som er planlagt, med flytting av tilsetteparkering ned til hallen og omgjerung av dette arealet til eit grøntområde.

Rikke Heldal Hope (H) etterlyste at dersom dei minste elevane ikkje kan settast av i rundkjøringa, så må det vera ein vaksenperson (eller tiandeklassing) på plass ved hallen slik at der er tilsyn.

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at dette skal ein ta vidare til skulen.

Myrmel frå administrasjonen sa at framlegget er endra frå første framlegg. Først var det tenkt at bussane skulle bruka rundkjøringa på morgonen og stå nede ved hallen på ettermiddag, no er det meint at bussane skal bruka rundkjøringa både morgon og ettermiddag.

Per Lerøy (Ap) ba om at parkering for rørslehemma vert flytta frå dagens plass og nærare skuleplassen. Myrmel svara at dette er uproblematisk å få til.

Nytt framlegg til vedtak:

Rundkjøring ved skulen vert skilta med SKILT 302 LS KL2 / INNKJØRING FORBUDT med underskilt "Gjeld ikkje buss, taxi, rørslehemma, tilsette og varelevering".

Bussane kjører opp til rundkjøringa både morgon og ettermiddag, og ikkje ned til hallen.

Ved rundkjøringa skal det også etablerast betre tilhøve for av- og påstiging for rørslehemma, og det må vurderast om parkeringsplassen for rørslehemma skal flyttast til den nye parkeringsplassen for lærarar.

Handsaming:

Samrøystes vedtak for dette nye framlegget.

### **FS vedtak:**

Rundkjøring ved skulen vert skilta med SKILT 302 LS KL2 / INNKJØRING FORBUDT med underskilt Gjeld ikkje buss, taxi, rørslehemma, tilsette og varelevering.

Bussane kjører opp til rundkjøringa både morgon og ettermiddag, og ikkje ned til hallen.

Ved rundkjøringa skal det også etablerast betre tilhøve for av- og påstiging for rørslehemma, og det må vurderast om parkeringsplassen for rørslehemma skal flyttast til den nye parkeringsplassen for lærarar.

### **Saksopplysninger:**

#### **Bakgrunn**

Ein motteke bekymringsmelding frå Nettbuss as og etter samtale med dei har ein komme fram til at ei løysing på trafikk situasjonen er å stenge rundkjøringa for privatbilister og å flytte busstoppet opp i rundkjøringa. Av og på stigning og parkering for andre en tilsette vert nede på plassen ved idrettshallen. Parkering vert skilta.

Rundkjøringa vert skilta med **INNKJØRING FORBUDT** og med underskilt ***Gjeld ikkje buss, taxi, rørslehemma, tilsette og varelevering.***

#### **Vurdering**

Austrheim kommune er godkjent av Trygg trafikk som trafikksikker kommune og ein har fokus på trafikktryggleiken. Ein har vore uroa av trafikksituasjonen rundt skulen både i skuletida og på kveld. Ein trur at føreslegne tiltak kan betre situasjonen.

#### **Konklusjon**

Austrheim formannskap vedtek fylgjande skiltplan for Årås skule:

Rundkjøring ved skulen vert skilta med **SKILT 302 LS KL2 / INNKJØRING FORBUDT** med underskilt ***Gjeld ikkje buss, taxi, rørslehemma, tilsette og varelevering.***



# Austrheim Idrettslag

Postboks 22 - 5943 Austrheim

Austrheim kommune  
v/ordfører og rådmann  
Sætre marka 12  
5943 AUSTRHEIM

## Tilkomst med bil til Austrheim Idrettspark

I arbeidet med Idrettsparken var intensjonen at brukarane skulle få tilkomst til idrettsbana/klubbhuset og det vart lagt til rette for parkeringsplassar i nærområdet.

Bygginga av ungdommens hus gjorde at tilkomstvegen vart smal og med dårleg oversyn. Veggen vart etterkvart stengt med bom. Brukarane av idrettsparken har dei siste åra brukt veggen forbi ballbingen. Trafikken er etter skuletid og dette har fungert godt.

I formannskapsmøtet 21.januar i år vart det orientert om trafikktilhøva ved Årås skule/idrettsparken. Utan vidare formannskapsvedtak stengte administrasjonen deretter veggen forbi ballbingen med betongklossar. Idrettslaget foreslå i epost til ordføraren 6.mars at denne veggen vert opna att og at det vert vurdert fartsdumpar. Desse fartsdumpane kan eventuelt idrettslaget forskottera. 8.april var det ei synfaring med ordføraren/administrasjonen og idrettslaget. Idrettslaget var her tydeleg på behovet for å gje brukarane av Idrettsparken tilkomst på denne veggen etter skuletid.

Idrettslaget ber om at formannskapet så snart som muleg gjer vedtak om ei permanent løysing for tilkomst til idrettsparken etter kl 16.30. Dette med skilting og fartsdumper og utan bom. Idrettslaget ønskjer å delta i ei eventuell synfaring før møtet den 3.mai.

Mvh Austrheim idrettslag  
For styret  
Asbjørn Brandtun, leiar

Hege Bergsvik Sætre, nestleiar



**AUSTRHEIM KOMMUNE**

Plan, bygg, oppmåling og miljø

Austrheim idrettslag

Dykkar ref.:

Vår ref.:

19/170 - 3 / ANT

Dato:

27.05.2019

## Svar på brev om tilkomst med bil til Austrheim idrettspark

Austrheim kommune har motteke brev frå dykk den 29.03.2019. Dykkar brev med logo står under:



**Austrheim Idrettslag**  
Postboks 22 - 5943 Austrheim

Austrheim kommune  
v/ordfører og rådmann  
Sætremarka 12  
5943 AUSTRHEIM

### Tilkomst med bil til Austrheim Idrettspark

I arbeidet med Idrettsparken var intensjonen at brukarane skulle få tilkomst til idrettsbana/klubbhuset og det vart lagt til rette for parkeringsplassar i nærområdet.

Bygginga av ungdommens hus gjorde at tilkomstvegen vart smal og med dårleg oversyn. Vegen vart etterkvart stengt med bom. Brukarane av idrettsparken har dei siste åra brukt vegen forbi ballbingen. Trafikken er etter skuletid og dette har fungert godt.

I formannskapsmøtet 21.januar i år vart det orientert om trafikktilhøva ved Årås skule/idrettsparken. Utan vidare formannskapsvedtak stengte administrasjonen deretter vegen forbi ballbingen med betongklossar.

Idrettslaget foreslå i epost til ordføraren 6.mars at denne vegen vert opna att og at det vert vurdert fartsdumpane. Desse fartsdumpane kan eventuelt idrettslaget forskottera. 8.april var det ei synfaring med ordføraren/administrasjonen og idrettslaget. Idrettslaget var her tydeleg på behovet for å gje brukarane av Idrettsparken tilkomst på denne vegen etter skuletid.

Idrettslaget ber om at formannskapet så snart som muleg gjer vedtak om ei permanent løysing for tilkomst til idrettsparken etter kl 16.30. Dette med skilting og fartsdumpane og utan bom. Idrettslaget ønskjer å delta i ei eventuell synfaring før møtet den 3.mai.

Mvh Austrheim idrettslag  
For styret  
Asbjørn Brandtun, leiar

Hege Bergsvik Sætre, nestleiar

Hovudbodskapan til slutt i dykkar brev er dette: *Idrettslaget ber om at formannskapet så snart som muleg gjer vedtak om ei permanent løysing for tilkomst til idrettsparken etter kl 16.30. Dette med skilting og fartsdumper og utan bom. Idrettslaget ønskjer å delta i ei eventuell synfaring før møtet den 3.mai.*

Anita Soltveit, Rolf Henning Myrmel frå administrasjonen og Per Lerøy, ordførar frå Austrheim kommune møtte representantane frå Austrheim idrettslag den 8. april 2019 og hadde synfaring i området.

Innhaldet i skrivet frå dykk i Austrheim idrettslag er etter møtet den 8. april 2019 drøfta grundig i Austrheim kommune. Konklusjonen vår er at Austrheim kommune er godkjent av organisasjonen **Trygg trafikk** som **Trafikksikker kommune** og me har fokus på trafikktryggleik. Det forpliktar oss og alle som bur i kommunen. Kommunen har i lengre tid vore uroa av trafikksituasjonen rundt Årås skule, dette både i skuletida og på kveld og helg. Den 21.03.2019 vedtok formannskapet følgjande i sak 031/19 **Trafikksikring Årås skule: Rundkjøring ved skulen vert skilta med SKILT 302 LS KL2 / INNKJØRING FORBUDT med underskilt Gjeld ikkje buss, taxi, rørslehemma, tilsette og varelevering.** Dette skiltet kjem opp med det første.

Rektor Bodil Boie Brekkan på Årås skule sendte følgjande intern e-post til Austrheim kommune den 23.04.2019 på bakgrunn av innhaldet i skrivet frå Austrheim idrettslag:

*Hei*

*Jeg er bekymret over at denne henvendelsen kommer fra idrettslaget. Mange er foreldre på Årås skule. Trafikken på denne veien er farlig til alle tider på døgnet både med og uten fartsdumper. Bilene kjører gjennom lekeområdet til de yngste elevene. I brevet står det at det har fungert greit med den trafikken som har vært etter skoletid. Det er ikke på noen måte skolen sin erfaring. Vi opplever biler i stor fart. Selv med betongklossene, kjører biler opp på skoleplassen foran D-blokka og videre til klubbhuset. Vi er en trafikksikker kommune. Omregulering og skilting i forbindelse med bringing og henting av elever skal føre til at vi bare skal ha minimal trafikk i det området det er snakk om. Det blir en helt umulig oppgave å ha ansvar for et skoleområde der det er tillatt med kjøring midt i et lekeområde som brukes mye både på dag og kveldstid. Som rektor mener jeg at dette utgjør en stor risikofaktor for at ulykker kan skje, og at det vil være en uansvarlig å åpne opp for kjøring slik Idrettslaget ber om. På vegne av Årås skule ber jeg om at det ikke åpnes for den tilgangen det er bedt om.*

*Mvh Bodil*

E-posten over vise kva erfaringar og konklusjonar rektor har gjort seg i forhold til trafikksituasjonen i skuleområdet. Administrasjonen i Austrheim kommune deler denne vurderinga og konklusjonen her.

**Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne – Austrheim kommune** har den 27.05,2019 sendt eit notat til Austrheim kommune om denne saka. Rådet skriv at: «**Austrheim Idrettslag har sendt brev til kommunen. Dei ynskjer at tilkomstvegen til idrettsparken skal vera open for tilkomst etter kl 1630. Vi ynskjer å knyta nokre kommentarar til saka.**» Rådet skriv og at: «**Trafikktilhøva ved Årås skule er ikkje tilfredstillande slik det har vore til no. Ekstra krevande har dette vore for rørslehemma. Vi er derfor glad for at kommunen tar problemet på alvor. Dette handlar tross alt om trafikktryggleik. Vi har ikkje nokon å mista. Vi vonar at trafikktryggleik også er fokuset når ein ser på tilkomsten til idrettsparken.**»

Notatet frå **Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne – Austrheim kommune** er i sin heilskap teke med i dette svarbrevet på neste side. Administrasjonen i Austrheim kommune deler vurderingane til rådet.



Vår ref

Deres ref

Dato

tilkomst\_austrheim\_idrettspark\_merknad\_rmnf.docx

27.05.2019

## NOTAT

Sak: **Tilkomst med bil til Austrheim Idrettspark**

Austrheim Idrettslag har sendt brev til kommunen. Dei ynskjer at tilkomstvegen til idrettsparken skal vera open for tilkomst etter kl 1630. Vi ynskjer å knyta nokre kommentarar til saka.

Trafikktilhøva ved Årås skule er ikkje tilfredstillande slik det har vore til no. Ekstra krevande har dette vore for rørslehemma. Vi er derfor glad for at kommunen tar problemet på alvor. Dette handlar tross alt om trafikktryggleik. Vi har ikkje nokon å mista. Vi vonar at trafikktryggleik også er fokuset når ein ser på tilkomsten til idrettsparken.

Det er lett å ha fokus på eigne særinteresser og å bagatalisera konsekvensar når ein ynskjer å oppnå noko. Idrettslaget har fokus på at det skal vera tilkomst heilt fram til idrettsparken. Vi har ingen problem med å forstå det ynskje. Vi vonar likevel at idrettslaget og dei dei representerar også vågar å sjå seg sjølv i speilet.

Vårt ynskje er at ein har med seg nokre refleksjonar, og vektlegg desse dei når ein tenkjer løysningar:

- Null toleranse på personskader – det vonar vi at alle kan vera samd om.
  - Kommunen er opptatt av tygg skuleveg – tilkomst til idrettsparken bør ha same fokus.
  - Kva gjer idrettslaget opp mot foreldre og andre vaksne med haldningar? Må ein alltid kjøre heilt fram til døra?
  - Opnar ein vegane slik dei er utforma i dag, uansett fartsdumpar, medfører dette risiko.
- Tilkomst først og fremst for dei som reelt treng det og naudsynt transport.
  - Noko kan faktisk ikkje gå fram til anlegget, husk det.
  - Skal dei som ved Årås skule, slita med å finna seg ein plass?
- Kor stort/reelt er behovet for å måtte kjøre heilt fram, for kven og kvifor?
  - Det er snakk om 100 – 200 meter, slik det er planlagt.
    - Er det borna som ikkje kan gå
    - Er det oss vaksne/foreldra som ikkje orkar?
    - Tar vi skade av å gå? Er det berre fordi vi skal ha det litt makeleg?

Det er utarbeid godkjent detaljregulering/planendring for området og med vedtekter. Godkjent plan opnar ikkje for fri kjøring inn til Idrettsparken. Det er berre opna for naudsynt kjøring søraust for idrettshallen. Vi vonar at alle respekterer denne.

Vi stiller gjerne opp for å bidra til konstruktive løysingar. Vert det synfaring eller opning for avvik frå gjeldande plan, ynskjer vi å ta del, minimum verta høyringsinstans.

Atle Utkilen



Avdelinga for plan, bygg, oppmåling og miljø gjennomførte i Austrheim kommune sin regi ei reguleringsplanendring i dette skule- og idrettsparkområdet. Endringa av reguleringsplanen vart godkjent samrøystes i formannskapet den 11.06.2015: ***I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Austrheim kommune planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» med planid. 2008006. Plankart er datert 15.10.2014 og føresegner den 06.01.2015.***


Denne planendringane omfatta i hovudsak det interne veganlegget og parkeringsplassen her, dette for at uteområdet til born og unge skulle verta meir trafiksikkert og funksjonelt for alle. Intensjonen med planarbeidet var mellom anna å optimalisere tilkomst, parkering og varelevering med omsyn til trafikktryggleik. Planområdet grensa og til eldrebustadane på Furuly. På grunn av dette planarbeidet vart det i 2015 bygd ein ny tilkomstveg frå vest til Furuly for å unngå køyring i skuleområdet, og der borna går til og frå skulen. Den gamle tilkomstvegen til Furuly vart stengt med bom. Kommunen tok kostnaden med dette tiltaket, men fekk også eit tilskot frå Hordaland fylkeskommune som såg at det var viktig å unngå køyring i skuleområdet på Årås både i og etter skuletid.

I saksutgreiinga til godkjenninga av denne reguleringsplanendringa står det at:

*Rådmannen vil peika på at noverande tilkomstveg ved Austrheimshallen skal stengast for køyring til idrettsbana og klubbhuset. Det skal berre etablerast naudsynte parkeringsplassar for handicappa og nyttetransport bak tribunen/klubbhuset. Trafikktryggleiken til born og unge i skuleområdet og i idrettsparken skal her prioriterast før bilistar og bilar inn i idrettsparken. Dette av omsyn til folkehelse, tryggleik og trivselen for alle.*

*Det at ungdomens hus vert bygd opp i tilknytting til Austrheimshallen gjer og sitt til at rådmannen ikkje ynskjer køyring forbi Austrheimshallen. Køyring her kan fort føra til farlege trafikksituasjonar både på kveldstid og dagtid både for born og unge. Tilsette, publikum og brukarar av skule og idrettsområdet både på dag- og kveldstid må parkera i byrjinga av idrettsparken på området avsett til parkering, dette vert nord for Austrheimshallen og i byrjinga av planområdet. Dette ligg inne i plankartet og i føresegnene. ROS-analysen ser dette som eit heilt naudsynt tiltak for å oppnå ein så trygg stad som mogeleg for born og unge.*

Hordaland Fylkeskommunen skriv i sin uttale til planframlegget følgjande: *Endringa vil føre til betra forhold for dei areala som vert nytta av barn og unge. Det er positivt at ein har omsyn til trafikktryggleiken i planområdet og at ein legg til rette for universell utforming.» Dei skreiv og at: «Slik planen ligg føre vil endringane føre til betra samspel mellom bygningar og uterom.»*



## Godkjent plankart for planendring Års skule og Austrheim idrettspark

Reguleringsføresegner for Planendring «**Utbyggingsplan Års skule og Austrheim Idrettspark**» styrer bruken av området i forhold til trafikk og anna bruk klart og tydelig. Under er det teke med sentrale punkt i føresegnene til reguleringsplanen på det som omhandlar trafikk, parkering og nyttekjøring her:

### § 1 Generelle føresegner

#### 1.1 Felles for PBL 1985 og 2008

Formålet med reguleringsplanen er å oppnå optimal bruk av planområdet til skule-, undervisning-, nærmiljøanlegg- og idrettsføremål for born og ålmenta.

#### 2.3 Parkering

Det skal etablerast parkeringsplassar på o\_P1 i samsvar med anleggsplan utarbeida av Asplan Viak AS datert 03.10.2013. Minimum 5 % av parkeringsplassene for bil skal tilpassast funksjonshemma. Desse skal vera nærmast inngangsparti. Saman med søknad om byggeøyve skal det leggest ved ein parkeringsplan som viser plassering og utforming av parkeringsplassane og kva plassar som skal brukast til handicapparkering. All parkering i planområdet skal skje på o\_P1. Det gjeld både tilsette og besøkjande.

#### 2.4 Tilkomst

Skilt skal regulera bruken av veg o\_FV1. Eigarar av veg skal kunne stengje den med bom for uønska kjøring vidare inn i planområdet. Tilkomst til Furuly vert som før her til ny vegtilkomst vert etablert til Furuly, då vert vegen dit stengt for bilar.

*Det skal og vera mogeleg å køyra med vare- og bil for funksjonshemma til inngangspartiet til sentrale bygg i o\_01, o\_S1 og o\_S4.*

*Tilkomstveg til skuleområdet for skulebuss er regulert som offentleg veg. Eksisterande internvegar gjennom skuleområdet o\_01, o\_S4, o\_S1 og o\_A1 er regulert til offentleg gangveg. Gangvegane skal stengjast for gjennomkjøring, men vera open for nyttetraffikk som varelevering og naudsynt transport for funksjonshemma til undervisningsområde o\_01, og til o\_S1.*

*Gangvegar skal kunne stengast med bom for uønska kjøring. Gangvegar og stiar i heile planområdet skal vere open for offentleg gangtraffikk.*

### **3.1 Veg**

*Bilvegen til bustadane som nyttar Furulyvegen som adresse må leggjast om og stengast ved A blokka når ny tilkomstveg vert bygt til Furuly frå vest. Denne vegen vert då ein gangveg.*

### **Det sentrale i føresegna til reguleringsplanen når det gjeld trafikkløysingar og køyring/gåing i dette planområdet er følgjande:**

- 1.All parkering i planområdet skal skje på o\_P1. Det gjeld både tilsette og besøkjande.
- 2.Skilt skal regulera bruken av veg o\_FV1. Eigarar av veg skal kunne stengje den med bom for uønska kjøring vidare inn i planområdet.
- 3.Det skal og vera mogeleg å køyra med vare- og bil for funksjonshemma til inngangspartiet til sentrale bygg i o\_01, o\_S1 og o\_S4. Gangvegane skal stengjast for gjennomkjøring, men vera open for nyttetraffikk som varelevering og naudsynt transport for funksjonshemma til undervisningsområde o\_01, og til o\_S1.
- 4.Eksisterande internvegar gjennom skuleområdet o\_01, o\_S4, o\_S1 og o\_A1 er regulert til offentleg gangveg.
- 5.Gangvegar skal kunne stengast med bom for uønska kjøring.

Austrheim kommune vil difor opplyse om at det som Austrheim idrettslag ber i sitt skriv over er i strid med gjeldane reguleringsplanen for området som vart godkjent samrøystes av formannskapet den 11.06.2015. Eksisterande internvegar gjennom skuleområdet o\_01, o\_S4, o\_S1 og o\_A1 er regulert til offentleg gangveg.

Å endra ein reguleringsplan på dei punkta Austrheim idrettslag tek opp med bilkøyring etter kl. 16.30 vil Austrheim kommune og andre offentlege instansar etter plan- og bygningslova sjå på som ein planendring på ein godkjent reguleringsplan. Ei slik planendring vil og vera i strid med Austrheim kommune sitt vedtak om å vera ein «**Trafikksikker kommune**». Både skulen og andre lag for born og unge nyttar skuleområdet til alle tider, det gjeld og til uorganiserte aktivitetar av born og unge. Trafikkløysingar og Austrheim idrettslag sin synspunkt om å gje løyve til bilkøyring inn i planområdet vart og drøfta grundig i planprosessen før gjeldane reguleringsplan her vart vedteken i 2015. Dersom Austrheim idrettslag søker om ei planendring (gebyrbelagt) for å få dette punktet endra i føresegna så vil rådmannen tilrå at ei slik plansak vert avist. Austrheim kommune er grunneigar i planområdet og avgjer kva som er best bruk av

dette området i samsvar med statlege retningslinjer utarbeidd for skuleområde og idrettsparkar. Ei eventuell planendring eller dispensasjon som opnar opp for bilkøyning i dette skule- og idrettsparkområdet vil truleg verta påklaga av Hordaland fylkeskommune eller Fylkesmannen i Vestland. Det betyr at om kommunen gjennom eit vedtak opnar opp at for bilkøyning i dette skule- og idrettsområdet så vil dette truleg verta stoppa av andre offentlege instansar.

Austrheim kommune ber difor Austrheim idrettslag om å retta seg etter den godkjente reguleringsplanen frå 2015 som styrer korleis det offentlege planområdet her skal brukast. Køyning mot godkjent skilting i planområdet er og brot på vegtrafikklova og kan medføra anmelding til politiet og bøtlegging. Austrheim kommune meiner elles at biløyning for funksjonshemma og anna nyttekøyning er ivareteke på ein god måte i gjeldane reguleringsplan.

Austrheim kommune ber om at Austrheim idrettslag respekterer det som er vedteke i denne plansaka og at me saman fortsetjer det gode samarbeidet med å utvikla eit godt fritids- og idrettstilbod for born og unge i Austrheim idrettspark, men og i resten av kommunen. Austrheim kommune ser denne saka som avslutta, og tek skrivet dykkar til orientering.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Kopi til:**

Austrheim ungdomsråd

Bodil Boie Brekkan

Olav Mongstad

Per Lerøy

Lerøyvegen 156 5943

AUSTRHEIM

Rolf-Henning Myrmel

Råd for menneske med nedsett

Utkilen 1 5953

FONNES

funksjonsevne

Thomas Lindås

Årås Skule

**Mottakere:**

Austrheim idrettslag  
Hege Bergsvik Sætre

Austrheimsvegen 5943  
788

AUSTRHEIM